



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til oppstart og høyring av planprogram for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv i Alver kommune

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.01.2022. Utval for kunnskap, oppvekst og kultur i Alver kommune gjorde i møte 09.12.2021, sak 076/21, vedtak om oppstart av arbeid med Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Utvalet vedtok samstundes å legge framlegg til planprogram for kommunedelplanen på høyring og offentleg ettersyn, jamfør plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

Føremålet med planen er å peike ut retninga for kulturområdet i Alver i planperioden. Planarbeidet legg til grunn eit utvida kulturomgrep som mellom anna inneheld kulturarv, idrett og friluftsliv, kulturinstitusjonane, kulturformidling, musikk, scenekunst og frivilligheita og profesjonell kunst. Kommunedelplan for Kultur, idrett og friluftsliv (kdp kif) skal vere ein samla plan for feltet i Alver, og blir eit sentralt styringsverktøy for innsatsen på kultur, idrett- og friluftsområdet dei komande åra. Den vil synleggjera behova og sette mål og strategiar. Den skal også ha ein fireårig handlingsplan med prioriterte tiltak. Handlingsplanen skal rullerast kvart år.

### Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren meiner det er bra at kommunen har starta opp ein kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Planprogrammet ser ut til å vere godt gjennomarbeida, med ein god plan for medverknad. Planen vil kunne vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel (KPA), og for folkehelse generelt og barn og unges interesser.

Det er bra at planen skal koordinerast med kommuneplanen sin arealdel (KPA) slik at det blir satt av areal i arealplankartet og temakart som skal ligge ved KPA. Det er opplyst at viktige tema i plankartet ti KPA vil vere:

- Kartlagde turvegar frå Friluftslivets ferdselsårer
- Friluftsområde, etter oppdatert kartlegging og verdsetting
- Kulturmiljø og kulturminne (i temakart)
- Kulturanlegg



- Idrettsanlegg
- Parkering i tilknytning til idrett, kultur og friluft

Vi vil rå kommunen til å også sjå på viktige nærturterreng og grønne område, særleg i tilknytning til pressområde i kommunen. Dette kan vere viktige område for både leik og rekreasjon. Slike område kan vurderast som grønstruktur i KPA. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 står det mellom anna at kommunane skal leggje vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turvegar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle. Alle viktige tur og grøntareal i pressområdet bør sikrast mot nedbygging, og vi rår til at kommunen arbeider med ei langsiktig «markagrense» for kommuneplanen. Vi viser til [retteleier for «Planlegging av by- og tettstedsnære naturområder»](#).

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN